



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Ein tydeleg medspelar

Arkeologisk rapport

Reguleringsplan Bakken

8/263, Ulstein kommune

Johanne Ranvik



**RAPPORT FRÅ ARKEOLOGISKE UNDERSØKINGAR I SAMBAND MED «REGULERINGSPLAN
BAKKEN», ULSTEIN KOMMUNE.**



IDnr: 155464	
Feltleiar: Johanne Ranvik	
Gardsnamn: Vik, «Bakken»	Gnr./bnr.: 8/263
Kommune: Ulstein	Rapport levert: 15.02.2012
Ang. Reguleringsplan Bakken	Registrering: 26. og 27. oktober 2011

FØREORD

Eit *kulturminne* er eit spor etter menneskeleg liv og virke i vårt fysiske miljø, som til dømes ein bygning, ein veg, eit gravminne, ein steinalderbuplass, ei kokegrop eller eit jarnvinneanlegg, men også stader det knyter seg historiske hendingar, tru eller tradisjonar til. Kulturminna representerer både uerstattelege kjelder til kunnskap om fortidige samfunn, og ein ressurs for oppleving og bruk – i dag og i framtida.

Kulturminne frå forhistorisk tid og mellomalder (eldre enn 1537) er *automatisk freda* i kraft av sin høge alder, jf Kulturminneloven § 4. Frå tida før skriftlege kjelder, er dei materielle leivningane dei einaste kjeldene til å forstå menneska og det samfunnet dei levde i.

Kulturminne frå nyare tid (yngre enn 1536) kan også ha høg verdi. Særleg verdifulle kulturminne kan bli *vedtaksfreda*, jf. Kulturminneloven §§ 15 og 19. Alle type kulturminne kan dessutan bli verna som omsynssonar, jf. Plan og bygningsloven § 11-8. Dette gjeld også større kulturmiljø, der ulike kulturminne inngår i ein heilskap eller samanheng.

ARKEOLOGISK PERIODE	HOVEDPERIODE	14C-ÅR før nåtid	Kalenderår
Tidlegmesolitikum	Eldre steinalder	10000 – 8500 b.p.	9200 – 7500 f.Kr.
Mellommolitikum		8500 – 7500 b.p.	7500 – 6400 f.Kr.
Seinmesolitikum		7500 – 5200 b.p.	6400 – 4000 f.Kr.
Tidlegneolitikum	Yngre steinalder	5200 – 4600 b.p.	4000 – 3300 f.Kr.
Mellomneolitikum A		4600 – 4100 b.p.	3300 – 2600 f.Kr.
Mellomneolitikum B		4100 – 3800 b.p.	2600 – 2300 f.Kr.
Seinneolitikum		3800 – 3500 b.p.	2300 – 1700 f.Kr.
Eldre bronsealder	Bronsealder	3500 – 2900 b.p.	1700 – 1100 f.Kr.
Yngre bronsealder		2900 – 2440 b.p.	1100 – 500 f.Kr.
Førromersk jernalder	Eldre jernalder	2440 – 2010 b.p.	500 f.Kr. – 0
Eldre romartid		2010 – 1840 b.p.	0 – 200 e.Kr.
Yngre romartid		2010 – 1680 b.p.	200 – 400 e.Kr.
Folkevandringstid		1680 – 1500 b.p.	400 – 570 e.Kr.
Merovingartid	Yngre jernalder	1500 – 1210 b.p.	570 – 800 e.Kr.
Vikingtid		1210 – 1000 b.p.	800 – 1030 e.Kr.
Mellomalder	Mellomalder		1030 – 1536 e.Kr.
Nyare tid	Nyare tid		1537 e.Kr. –

Tabell 1: Kronologiske periodar.

Då kun eit fåtal av alle kulturminne er kjent, er kulturminneforvaltninga avhengig av arkeologiske registreringar for å kunne uttale seg til plansakar, jf. Kulturminneloven § 9.

INNHALD

Føreord.....	3
1. Samandrag.....	5
2. Bakgrunn og formål med undersøkinga	6
3. Området.....	7
3.1 Landhevinga.....	8
4. Kulturhistorisk riss.....	9
4.1 Fornminne	10
4.2 Nyare tids kulturminne	11
4.3 Lausfunn.....	11
5. Strategi og metode.....	12
5.1 Visuell overflateregistrering.....	12
5.2 Manuell prøvestikking.....	12
5.3 Maskinell sjakting.....	12
6. Undersøkinga.....	13
6.1 Synlege strukturar.....	13
6.2 Prøvestikk.....	13
6.3 Sjakter.....	15
6.4 Dokumentasjon.....	18
7. Resultat.....	19
7.1 Automatisk freda kulturminne.....	19
7.2 Nyare tids kulturminne	21
8. Konklusjon	22
9. Litteraturliste.....	24
9.1 Andre kjelder	24
10. Vedlegg.....	25
Vedlegg 1.....	26
Vedlegg 2.....	27

1. SAMANDRAG

Denne arkeologiske undersøkinga blei føreteke på Vik gbnr. 8/263, «Bakken», i Ulstein kommune, i samband med reguleringsplan Bakken. Det aktuelle området for registrering skal regulerast om frå grøntområde til parkeringsplassar. Dette vert i rapporten referert til som undersøkingsområdet medan planområdet syner til reguleringsplan Bakken.

Feltarbeidet blei utført av Johanne Ranvik i perioden 26. og 27. oktober 2011, og rapporten blei ferdigstilt 15.02.2012 Totalt blei det nytta 4 dagsverk på saken.

Av metodar blei det nytta visuell overflaterregistrering, maskinell sjakting og manuell prøvestikking.

Totalt blei det funne eit automatisk freda kulturminne innanfor undersøkingsområdet:

Fossilt dyrkingslag i to fasar, ID 155464, med den eldste fasen datert til Førromersk jernalder.

Det vart ikkje påvist nokon verdifulle kulturminne frå nyare i undersøkingsområdet, men på nabotomtene, 8/366 og 8/331, står det eit våningshus, eit stabbur og ei løe som med stort sannsyn vert rivne i samband med at området her no skal regulerast til næringsbebyggelse og veg. Ingen av desse ligg ikkje inne i SEFRAK registeret.

2. BAKGRUNN OG FORMÅL MED UNDERSØKINGA

Bakgrunnen for denne arkeologiske registreringa er at eit friområde på gnr./bnr. 8/263 i Ulsteinvik har blitt regulert om til å skulle verte eit kombinert grønt- og parkeringsområde. Dette er berre ein liten del av heile reguleringsplana for Bakken og vert heretter referert til som undersøkingsområdet. Når det vert skrive planområdet syner dette til heile reguleringsplana for Bakken. På heimesida til Ulsteinvik står det fylgjande om «Reguleringsendring Bakken»:

Hovudformålet med planarbeidet er følgjande:

- Regulere veg etter dagens standard nordvest for Amfi
- Regulere inn parkeringsområde vest for Amfi
- Oppdatere gamle planar til ny PBL


Før planarbeidet kunne godkjennast blei det stilt krav om arkeologisk registrering.

Formålet med registreringa var å undersøke forholdet mellom planområdet og eventuelle automatisk freda kulturminne, jf § 9 i kulturminneloven av 9. juni 1978. Grunnen til at det er berre eit lite område av reguleringsplanen som treng arkeologisk undersøking er at dei andre områda ikkje synta like stort potensale for å gjere funn av fornminne. Det er difor berre dette eine området som var interessant for vidare undersøking (sjå neste kapittel).


3. OMRÅDET

Gnr./bnr. 8/263, «Bakken», er eit området i sentrum av Ulsteinvik, mellom Amfi og Holsekervegen. Dette har hittil fungert som både parkeringsplass og grøntområde. Rett nordom undersøkingsområdet ligg Bygdastova og ei bustadsblokk. Mot vest ligg det ein parkeringsplass og mot aust ligg der eit gardstun.

Sjølve undersøkingsområdet består av ei helling som går ned til eit utplanert område der det har blitt lagt på mykje pokkgrus og det er delvis asfaltert. Dette fungerer som ein parkeringsplass for tilsette på Amfi. Her står i tillegg ei brakke og nokre pallar. I hellinga har sivet fått vokse fritt og det har stått ein del tre her som var saga ned før undersøkinga starta. Undersøkingsområdet er på ca. 3300kvm, men det var berre ca. 1800kvm av dette området som kunne undersøkast, då resten var dekt med pukk, asfalt og bilar.



Figur 1: Oversiktskart. Planområdet er markert med ein raud sirkel. Kart frå Sunnmørskart.




Figur 2: Kart som syner planområdet i detalj. Den raude, tjukke streken syner undersøkingsområdet i sin heilskap. Det grå området syner kvar det ikkje var mogleg å gjere undersøkingar grunna utplanering og påfylling av pukk og asfalt. Dette området fungerte og som parkeringsplass. Kart frå Sunnmørskart.

3.1 LANDHEVINGA

Som følge av havstigning (transgresjon) og landheving (regresjon) har havnivået endra seg gjennom heile forhistoria. Då isen byrja å smelte etter sist istid steig havet relativt raskt, men samtidig byrja også landet å heve seg på grunn av mindre trykk frå isen. Resultatet blei ein påfølgande regresjon. I Møre og Romsdal ligg dei førhistoriske strandlinjene difor høgare enn dagens havnivå, men utviklinga er forskjellig frå område til område.

David Simpson ved Bergen museum har utarbeida et program som gjer det mulig å skrive ut lokale strandforskyvingsdiagram. Kurvene er basert på arbeid av Stein Bondevik, John Inge Svendsen og Jan Mangerud frå 1998. Om ein føresett at fangstfolk i steinalderen busette seg nær sjøen, kan lokale strandlinjekurver både nyttast til å vurdere funnpotensial og til å datere eventuelle funn.




Figur 3: Strandlinjekurve for Ulsteinvik, Ulstein kommune, etter skjema utarbeidet av David N. Simpson, mars 2001 (jf, Svendsen & Manglerud 1987, Bondevik, Svendsen og Manglerud 1998).

Undersøkningsområdet ligg på ca. 6-12 m.o.h. I følge strandlinekurva svarar dette til at delar av området kunne nyttast fyrst etter om lag 4000BP. Kronologisk svarar dette til overgangen mellom yngre steinalder og bronsealder (sjå Tabell 1 i føreordet). «Bakken» har på eit tidspunkt vore transgeregert. Området vart fritt for is for om lag 10000år sidan og låg oppom havet fram til for om lag 8000år sidan. Då vart området dekt av havet i ein periode på om lag 4000år før «Bakken» på ny låg over vassflata. Sjølv om «Bakken» ikkje lenger var dekt av vatn på dette tidspunktet er det ikkje eins med at den aktiviteten som vert dokumentert her er like gamal. Den kan stamme frå før transgregeringa, men den kan like gjerne vere ein del år yngre enn 4000BP. Jordbruket vart teke i bruk i yngre steinalder her i Noreg, så området kan by på funn frå både jordbruk (busetnad og jordbruk) og jeger-sankar grupper.

4. KULTURHISTORISK RISS

Asbjørn Waage skriv i Bygdebok for Hareid og Ulstein, band III (1982: 432) at busetnaden på garden Vik antakeleg er svært gamal – den kan ha blitt etablert allereie i folkevandringstida (400-600 år e.kr.). Vidare skriv Waage at gamletunet på Vik låg sud for Vike-elva, på flata litt ovanfor fjøra. Vikeelva er i dag lagt i undergrunnsgrøft.



Figur 4: Utskiftingskart for Ulsteinvik, 1881. Den raude sirkelen syner kvar gamletunet på garden Vik låg før utskiftinga som fann stad i 1881. Den blå sirkelen syner samlinga med naust.

Før 1870 gjekk det meste av trafikken på vatnet, men på dette tidspunktet byrja ein del ferdsel å verte flytta på land. Grunnlaget for Ulsteinvik sentrum, slik me kjenner det i dag vart lagt: Det vart bygd vegar langs strendene. Handel og anna verksemd kravde etter kvart meir og meir rom og i 1930 vart ein bergkna mellom kyrkja og ungdomshuset skoten vekk og steinane herifrå vart nytta til å fylle ut ein haldeplass i fjøra nedanfor. På 1950-talet fylte kommunen ut fjøregrunnen for å byggje nytt rådhus og i 1960 måtte restane etter dei gamle nausta vike plass for forretningsbygg. I 1970 bygde kommunen ei ny sjøgate på ei lagt steinfylling på makkfjøra mellom Vikebryggja og Saunesosen. Attom denne steinfyllinga vart det pumpa opp og lagt mudringsmasse frå hamnebasenget. Denne grunnen vart regulert til eit nytt forretningscenter (Waage, 1982: 432-434).


I dag har altså Ulstein mykje påfylt masse, noko som har endra terrenget ein god del. Opphavleg hadde garden Vik sandstrand med låg fjøre. Opphavleg skal Bakken, 8/263, gå attende til Johannesbakken, 8/4, som i følge Wååge(1982: 450-455) er frå om lag 1674. Denne

informasjonen er berre basert på dei tidlegaste skriftlege kjeldene, så denne alderen kan ikkje takast som absolutt. Bruket skal ha hatt husmenn.

4.1 FORNMINNE

Ei oversikt over freda kulturminne er å finne på www.kulturminnesok.no, eller som wms-teneste i ein andre nettportalar (t.d. www.gislink.no, www.kulturminneatlas.no)

Det var ikkje registret nokon automatisk fredakulturminne på registreringsområdet før undersøkinga, men det finnsat automastiks freda kulturminne i nærleiken (sjå Figur 5 og Tabell 2):



Figur 5: Kart som syner fornminne i nærleiken av planområdet. Planområdet er markert med ein raud sirkel. Kart frå Sunnmørskart (Askeladden).

IDnr i Askeladden	Gardsnamn	Kulturminne	Datering
15907	Saunes	Gravminne	Jarnalder
45576	Hovset	Gravminne	Jarnalder
85721 ¹	Kyrkjegarden	Kyrkjestad	1800-talet
92557	Saunes	Gravminne	Før-reformatorisk tid
113041	Vik	Busetnad-aktivitetsområde	Jarnalder-Mellomalder
115118	Saunes	Dyrkingsspor	Yngre Bronsealder
117695	Vik	Dyrkingsspor	Bronsealder-Jarnalder
146792	Holseker	Busetnad-aktivitetsområde	Eldre Jarnalder
146810 ²	Saunes	Busetnad-aktivitetsområde	Seinneolittikum
146822 ³	Saunes	Busetnad-aktivitetsområde	Steinalder
146823 ⁴	Saunes	Busetnad-aktivitetsområde	Bronsealder-Jarnalder

¹ Dette er ei listeført kyrkje.

² Dette kulturminnet er fjerna.

³ Dette kulturminnet er fjerna.

IDnr i Askeladden	Gardsnamn	Kulturminne	Datering
146824	Saunes	Busetnad-aktivitetsområde	Før-reformatorisk tid
146826 ⁵	Saunes	Busetnad-aktivitetsområde	Eldre Jernalder

Tabell 2: Oversikt over fornminne i nærleiken av planområdet.

4.2 NYARE TIDS KULTURMINNE

Ei oversikt over ein del verneverdige bygningar og andre byggverk frå nyare tid er å finne i det såkalla SEFRAK-registeret. Dette er tilgjengeleg som wms-teneste, mellom anna på www.gislink.no og www.kulturminneatlas.no.

Det er ikkje registrert nyare tids kulturminne korkje i planområdet eller i nærleik til dette.

4.3 LAUSFUNN

Ei oversikt over gjenstandar som er innlevert til museum er tilgjengeleg på www.unimus.no/arkeologi. Ein del av desse er også kartfesta og fotografert.

Det er ikkje registrert så mange lausfunn på garden Vik, men ved søk i Bergen Museum sin arkeologiske tilvekst og i Per Fett sin serie med «forhistoriske minne på vestlandet» kom det opp tre treff: Ved eit steintak i Åsmundshaugen, heilt nede ved sjøen, like nord for utløpet av Sauneselva er det funne ei fasettslipt grønnsteinsøks. Denne har nr B 9457a i Bergen Museum sin tilvekst og vert kategorisert som ei tverrøks. I same område, er det funne ei steinøks til som i form minner om vespestadøksa. Denne har nr B 9457b. I ei myr, ikkje så langt frå kyrkja er det funne ein spydspiss av flint; B 3529.



Figur 6: Teikning av den fasettslipte grønnsteinsøksa som vart funne i Åsmundshaugen. Bilete frå Eva Nissen Fett sin artikkel «Fyrste far etter menneske» i Ingvar Bjåstad: Soga om Ulstein og Hareid, Band I, 1970.

⁴ Dette kulturminnet er fjerna.

⁵ Dette kulturminnet er fjerna.

5. STRATEGI OG METODE

Strategi og metode blei valt ut frå terreng, arealbruk og vegetasjon i området. Det var berre hellinga der det vaks siv som kunne undersøkast. Resten av undersøkingsområdet var planert ut og påfylt med både pukk og asfalt. I tillegg var området i bruk som parkeringsplass.

Undersøkinga starta med ei visuell vandring og prøvestikking for å få eit oversyn over området før det vart opna to sjakter.

5.1 VISUELL OVERFLATEREGISTRERING

Metoden inneber at markoverflata blir registrert for å påvise funn av tufter, gravminner, dyrkingsspor o.s.b. Grunnen blir sondert ved hjelp av sonderingsbor, ei ca 1 meter lang metallstang der det er frest ut eit spor som gjer det mogleg å ta ut en profil av grunnen der ein stikk. Ved moglege funn blir det gjerne opna ei sjakt eller eit prøvestikk for å påvise eldstader, golvnivå, dyrkingslag el.l, avgrense kulturminna, og eventuelt ta ut kolprøver for datering.

5.2 MANUELL PRØVESTIKKING

Metoden inneber at ein bruker spade og fjerner torva i eit om lag 40 x 40 cm stort område. Massen blir gravd opp mekanisk, bømte for bømte, og sålda i såld med 4 mm maskevidde. Såldingen fjernar jord, sand o.l. og gjer det mogleg å påvise steinredskapar som økser og pilspissar, eller avfall frå tilverking av slike, som t.d. flintavslag. Uttakstaden for kvart bømtelegg blir markert i profilen for kvart bømtelegg, for eventuelt å kunne relatere funn til riktig jordlag. Både positive og negative prøvestikk blir kartfesta, for slik å kunne avgrense eventuelle lokaliteter.

5.3 MASKINELL SJAKTING

Metoden inneber at ein nyttar gravemaskin med flatt graveskjær/pusseskjær til forsiktig å skrape av det øvste matjordslaget. Spor etter blant anna eldstader og stolpehol etter hus er ofte synlege rett i overkant av den sterile overgrunnen under. Sjaktene har ei bredde på om lag 3 meter. Ved undersøking av større område blir sjaktene lagt parallelt, med innbyrdes avstand på om lag 10-15 meter.

6. UNDERSØKINGA

Registreringsarbeidet blei utført av Johanne Ranvik i perioden 26. og 27. oktober, og utgjorde totalt 2 dagsverk. Maskinfører var Andre Gjerde som stilte med ei gravemaskin med en ca. 120 cm bred pusseskuff.

Veret var stort sett godt under heile undersøkinga. Siste halvdel av andre dag vart ganske våt, då det byrja å regne. Dette førte ikkje til større problem anna enn at det vart vått og sleipt å bevege seg i sjaktene.

6.1 SYNLEGE STRUKTURAR

Det vart ikkje påvist nokon synlege strukturar i undersøkinga.

6.2 PRØVESTIKK

Det blei totalt grove 5 prøvestikk innafor planområdet. Ingen av desse var funnførande, men i botnen av prøvestikk 2 vart eit fossilt dyrkingslage påvist. Prøvestikka er markert på kartet i Figur 8. Prøvestikk 4 er satt på i etterkant då dette forsvann under sjakting og var ikkje synleg då innmålar kom til området.

Prøvestikk 1							
Lengde:	40cm	Breidde:	40cm	Djupne:	80cm	Bøttelag	6
Lag Nr.	Tjukkels	Beskriving	Prøve		Kommentar		
1	45cm	Brun siltsand med røter, grus og litt kolbitar.			Matjord		
2	20cm	Brun siltsand med røter, grus og litt kolbitar. Inneheld i tillegg klumpar med hard, oransje sand.			Klumpane med oransje sand er så harde at dei må klemmast hardt for at dei skal løysast opp.		
4	15cm	Lys, gråbrun sand			Steril undergrunn.		

Prøvestikk 2							
Lengde:	45cm	Breidde:	35cm	Djupne:	120cm	Bøttelag	9
Lag Nr.	Tjukkels	Beskriving	Prøve		Kommentar		
1	80cm	Brun siltsand med røter, grus og litt kolbitar.			Matjord		
2	12cm	Mørk brun silt med røter og kol.			Fossilt dyrkingslag, fase 2		
3	20cm	Ljos brungrå silt med noko grus og store kolbitar.			Fossilt dyrkingslag, fase 1		
4	8cm	Mørk brun med organisk materiale.			Myrjord. Nådde ikkje ned til steril grunn.		



Figur 7: Prøvestikk 1 til venstre, prøvestikk 2 til høgre.

Prøvestikk 3							
Lengde:	45cm	Breidde:	40cm	Djupne:	120cm	Bøttelag	9
Lag Nr.	Tjukkels	Beskriving			Prøve	Kommentar	
1	66cm	Brun siltsand med røter, grus og litt kolbitar.				Matjord	
2	14cm	Mørk brun silt med røter og kol.				Fossilt dyrkingslag, fase 2	
3	38cm	Mørk brun med organisk materiale.				Myrjord.	
4	2cm	Lys, gråbrun sand				Steril undergrunn.	

Dette prøvestikket har ei profildeikning stipla inn på Figur 11.


Prøvestikk 4							
Lengde:	40cm	Breidde:	40cm	Djupne:	75cm	Bøttelag	5
Lag Nr.	Tjukkels	Beskriving			Prøve	Kommentar	
1	60cm	Brun siltsand med røter, grus og litt kolbitar.				Matjord. Dei siste 10cm inneheld noko meir grus og sand.	
2	15cm	Lys, gråbrun snad.					

Dette prøvestikket ligg i nordausteleg hjørnet i sjakt 1.

Prøvestikk 5							
Lengde:	40cm	Breidde:	40cm	Djupne:	70cm	Bøttelag	4
Lag Nr.	Tjukkels	Beskriving	Prøve	Kommentar			
1	59cm	Brun siltsand med røter, grus og litt kolbitar.		Matjord.			
2	7cm	Mørk brun med organisk materiale.		Myrjord.			
3	4cm	Tynt sandlag over store stein.					

6.3 SJAKTER

Det blei totalt opna 2 sjakter med maskin innafor planområdet.



Figur 8: Oversikt over undersøkingsområdet. Det grå området syner kva del som det ikkje var mogleg å undersøke. Dei blå linene markerar vatn og avlaup. Den rosa lina syner Tussa og Telenor sine kablar. Den raude lina markerar den store steinsette dreneringsgrøfta som vart påvist i sjakt 2. Målestokk 1:500.

Sjakt 1

Sjakta var *positiv*, og totalt blei det påvist eit automatisk freda kulturminne i form at eit fossilt dyrkingslag i to fasar. Desse kom til syne i den sudvestlege profilveggen i sjakt 1.




Figur 9: Oversiktsbilete over sjakt 1. Biletet til venstre er teke mot nordvest og biletet til høgre er teke mot sudaust. Den raude pila syner området av profilen der profildeikninga vart laga. Den blå pila syner berget som stikk ut i sjakta. Den grøne pila syner den delen av sjakta der lag 2 stikk opp flekkvis (sjå planteikning i Figur 10).

Sjakt 1							
Lengde:	44,60m	Breidde:	3m	Djupne:	40-125cm	Retning:	Nordvest-sudaust
Lag Nr.	Tjukkels	Beskriving			Prøve	Kommentar	
1	40-70cm	Brun siltsand med røter, grus og litt kolbitar.				Matjord.	
2	10-15cm	Mørk brun silt med røter og kol.			KP1	Fossilt dyrkingslag, fase 2. Ikkje tilstrekkeleg med kol i prøven.	
3	20cm	Lys brungrå silt med noko grus og store kolbitar.			KP2	Fossilt dyrkingslag, fase 1.	
4	10cm	Lomme med grå sand					
5	10-40cm	Mørk brun med organisk materiale				Myrjord.	
6		Lys gråbrun sand				Steril undergrunn.	
Str. Nr.	Type	Beskriving			Prøve	Kommentar	
Fase 1	Dyrking	Lys brungrå silt med noko grus og store kolbitar.			KP2	Om lag 75kvm.	
Fase 2	Dyrking	Mørk brun silt med røter og kol.			KP1	Om lag 100kvm.	

Sjakt 1 er grove i forskjellige djupn og er inndelt på følgjande måte (frå den nordvestlege enden, venstre ende på teikninga). Alle laga er beskrive i tabellen for sjakt 1 over:

- 13m med tynt lag 1 over undergrunn.
- Ca. 7m med forstyrra område. Her ligg det eit gammalt vatn/kloakk rør som ikkje lenger er i bruk.
- Ca. 8m der lag 2 stikk opp flekkvis gjennom eit lag med sand.*
- Ca. 3m der slakta er grove i ulik djupn; lag 2 stikk opp i eit stort område på den grunne delen, den djupare delen avdekkar fase 1 av det fossile dyrkingslaget, lag 3.
- Ca. 2m med lag 1,2 og 5.
- Ca. 12m med lag 1 og 5, PS3, 2 veiter del av eit berg og undergrunn.



Figur 10: Planteikning av sjakt 1. Dei mørke flekkane er delar av lag 2 som stikk opp i eit lag med sand.

* Det vart fyrst gått ut i frå at dei fyrste flekkane av lag 2 som stakk opp gjennom det som vart definert som undergrunn kunne vere strukturar, men då det kom fram eit veldig stort område med same fyllmasse som i «strukturane» litt lenger mot aust, vart det beslutta å grave litt lengre ned her for å sjekke kvifor dette området oppførte seg slik. Det vart då klart at «strukturane» var ein del av eit fossilt dyrkingslag i to fasar. I profilen som kom fram her det vart grove djupare, var det ikkje mogleg å finne att laget med sand som dekker lag 2 lenger mot vest. Det er mogleg at dette laget med sand har komme over lag 2 som følgje av nedlegginga av kloakk/vassrøra som ligg enno litt lenger vest, men dette er berre antakingar. Dette kan i tillegg forklare kvifor dette sandlaget ikkje kunne sjåast på profildeikninga i sjakt 1.

Sjakt 2:

Sjakt 2 vart kort då den etter kort tid avdekkar ei stor, steinsatt dreneringsgrøft i den nordlege delen av sjakta. Den låg i matjord, rett oppå undergrunnen. Denne vart følgt i ca. 6m og då dekte den 1/3 av breidda på sjakta. Grøfta var tett og store mengder vatn siva ut or den då den vart avdekt. Den hadde og same retning som sjakta ville ha vidare og det var difor ikkje vits i å fortsette gravinga her. Sjakta vart lagt att med ein gong.. Det vart ikkje teke bilete av sjakt 2.

Sjakt 2						
Lengde:	7,6m	Breidde:	2,7m	Djupne:	50-80cm	Retning: Nordvest-sudaust
Lag Nr.	Tjukkels	Beskriving			Prøve	Kommentar
1	50-80cm	Brun siltsand med røter, grus og litt kolbitar.				Matjord.
2		Lys, gråbrun sand.				Steril undergrunn.

6.4 DOKUMENTASJON

Kulturminne, funn, sjakter og prøvestikk blei fotografert og kartfesta. Det blei nytta eit Olympus μ Tough digitalkamera, og teke 26 bilete (sjå vedlegg 1). Bileta er sortert og merka.

Kartfestinga blei gjort av Bjørn Inge Taklo, ved Ulstein kommune, med GPS – Leica RX1250XC. Alle teikningane er reinteikna av Johanne Ranvik i Inkscape.

Totalt blei det teke 2 kolprøver, men berre ein hadde innhald av tilstrekkeleg med kol. Av desse er difor 1 sendt til C14-datering. Dette var KP2, lag 3, og den fekk nummeret Beta-315063 (vedlegg 3).

7. RESULTAT


Undersøkinga resulterte i funn av totalt eit automatisk freda kulturminne.

7.1 AUTOMATISK FREDA KULTURMINNE

Fossilt dyrkingslag i to fasar, ID 155464.

Det fossile dyrkingslaget som vart påvist i denne registreringa har to fasar:

- Fase 1: Lys brungrå silt med innhald av noko grus og store kolbitar. Det ligg om lag 80cm under dagens markoverflate og har ei utbreiing på ca. 15 x 5 m, altså 75kvm (sjå Figur 10, Figur 12 og Figur 14).
- Fase 2: Mørk brun silt med røter og kol. Dette ligg om lag 60-70mcm under dagens markoverflate og har ei utbreiing på ca. 25x10 m, altså 250kvm. Denne utbreiinga er litt meir omtrentleg enn den for fase 1, då avgrensinga her ikkje er fullstendig mot nord (sjå Figur 10, Figur 12 og Figur 14).



Figur 11: Profildeikning som syner det fossile dyrkingslaget i sjakt 1. Det er den sudvestlege profilveggen som er teikna. Det fossile dyrkingslaget har lag nr (3) på teikninga. Lag-beskrivingar står under kap. 6.3 og sjakt 1.

Dyrkingslaget, fase 1 var i tillegg til i sjakt 1 og påvist i prøvestikk 2, men var ikkje å finne i dei andre prøvestikka eller i sjakt 2. Det kan verke som om terrenget får eit lite søkk etter det forstyrta området og at den fyrste fasen av dyrkinga ligg i dette. Her er det eit litt flatare område i den elles hellande skråninga og ettersom dyrkingslaget og er påvist i prøvestikk 2, verkar det som om den fossile dyrkinga har logge på denne vette terrassen, på ca. 10m over havet. Dyrkingslaget vart ikkje påvist i prøvestikk 1. Dette vart grove djupt og det ligg slik til at det ville vore naturleg å støte på dyrkingslaget her og dersom det gjekk så langt mot nordvest. I dette prøvesticket kom ein heller ned på eit sandhaldig lag etter matjorda. Dette laget er det same som det som er definert som steril undergrunn i sjakt 1. Området i sjakt 1 rett nordom prøvestikk 1 har eit tynt lag med matjord over den sterile undergrunnen, så her er det nok ei høgning i terrenget i forhold til søkket som det fossile dyrkingslaget, fase 1, ligg i lengre mot aust. Yttergrensa til struktur 1 er difor trokke rett aust om prøvestikk 1. Den sudlege grensa er teke ut frå terrenget og det negative prøvestikk nr 5. Mot nord-nord aust er laget avgrensa i sjølve sjakta då det her kunne sjåast berre i den sudlege profilveggen.

Dyrkingslaget, fase 2 var i tillegg til i sjakt og påvist i prøvestikk 2 og 3. Det kunne ikkje observerast i prøvestikk 4 og 5 eller i sjakt 2. I sjakt 1 kunne denne fasen (lag 2 på profildeikninga) avgrensast ved berget som stikk fram i sjakta (sjå planteikning i Figur 10). På den austlege sida av denne var det ikkje lenger mogleg å skilje ut dette laget frå matjord og myrjord. I motsetnad til fase 1 av dyrkingslaget (lag 3 på profildeikninga) kunne fase 2 sjåast også i den nordlege profilveggen i sjakt 1. På den nordlege sida av sjakt 1 gjekk vart all massen frå sjakta lagt og avstanden frå denne sjakta og opp til veggen var om lag 9 meter. I tillegg ligg det eit område her med kablar frå Telenor og Tussa, så opp mot veggen vil denne fase 2 uansett vere forstyrta om den går så langt opp. På andre sida av kablane ligg det veggen, så her var det ikkje så mykje meir areal å ta av for å avgrense. Fase 2 av dyrkingslaget er difor ikkje vidare avgrensa mot nord anna enn at det kan observerast at denne fasen er noko tynnare i profilen mot nord enn den er i profilen mot sud.



Figur 12: Bilete av den sudlege profilen i sjakt 1. Biletet er teke mot sud. Lagnummereringa er lik den som er i profildeikninga i Figur 11.

Det kan vere at vassrøra/kloakken som vart avdekt i sjakt 1 kan ha forstyrta dyrkingslaget ytterlegare nordaust om prøvestikk 2 og 5, men ettersom røra ligg så høgt i sjakta er dyrkingslaget sin fase 1 med stort sannsyn heilt under her. Det er derimot uvisst om fase 2 har blitt berørt av nedlegginga. Denne røra er markert med blått i Figur 10 og det forstyrta området i sjakt 1 er markert med svarte striper på.

Fase 1 av dyrkingslaget i sjakt 1 har fått datering Førromersk jernalder; 2230 +/- 30 BP (conventional radiocarbon age) og 2270 +/- 30 (measured radiocarbon age) (Sjå vedlegg 3).

7.2 NYARE TIDS KULTURMINNE

Det vart ikkje påvist nokon kulturminne frå nyare tid innanfor planområdet, men på nabotomta 8/366 står det eit våningshus og eit stabbur som vert rivne då dette området er regulert til næringsverksemd. På 8/311 står det ei løe som vert riven når det skal byggast ein veg her. Ingen av desse bygga står i SEFRAK-registeret.



Figur 13: Gardstunet på 8/366 og 8/311. Våningshuset og stabburet (bilete til venstre og høgre) ligg på 8/366 og løa (biletet i midten) ligg på 8/311.

8/366 går attende til bruk nummer 31 og igjen til bruk nr 6. I følgje Waage (1982: 457-462, 476-477) er bruk 6 frå 1603, medan bruk 31 er frå 1901. Paul Hansson Eiken som dreiv bruk 31, skal ha sett opp ei stove her i 1901.

svarte striper i sjakt 1 syner til området som var forstyrra av den tomme røra og denne er markert med blått (den blå streken som fortsett ut frå sjakt 1 er den tenkte fortsetjinga til røret basert på retninga den hadde i sjakta). Det grå området i sud syner kva del som det ikkje var mogleg å undersøke. Dei blå, tjukke linene markerar vatn og avlaup. Den rosa lina syner Tussa og Telenor sine kablar. Den raude lina markerar den store steinsatte dreneringsgrøfta som vart påvist i sjakt 2. Målestokk 1:500.

Undersøkinga har resultert i funn av eit automatisk freda kulturminne, i form av eit fossilt dyrkingslag i to fasar der den eldste av desse er datert til Førromersk jernalder. Dette er registrert i den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden, med ID 155464, og er tilgjengelege for publikum som wms-teneste og via nettstaden www.kulturminnesok.no.

9. LITTERATURLISTE

Bondevik, Stein, John Inge Svendsen og Jan Mangerud (1998). Distinction between the Storegga tsunami and the Holocene marine transgression in coastal basin deposits of western Norway. *Journal of Quaternary Science*, 13(6):529-537.

Fett, Eva Nissen (1970). Fyrste far etter menneske. I Ingvard Bjåstad: *Soga om Ulstein og Hareid Band I*.

Svendsen, John Inge og Jan Mangerud (1987). Late Weichselian and Holocene sea-level History for a cross section of western Norway, *Journal of Quaternary Science*, 2:113-132.

Waage, Asbjørn (1982). *Bygdebok for Ulstein og Hareid, band III*.

9.1 ANDRE KJELDER

Askeladden digitale kulturminnedatabase: <http://askeladden.ra.no>

Bergen Museum: Per Fetts serie "Førhistoriske minne på Vestlandet":
http://www.dokpro.uio.no/arkeologi/fett/fett_ramme.html

Kart frå Sunnmørskart: <http://www.sunnmorskart.no/>

Opplysningar om SEFRAK-bygningar på www.miljostatus.no

Informasjon om reguleringsplan Bakken på Ulstein sine heimesider:
<http://www.ulstein.kommune.no/Modules/article.aspx?ObjectType=Article&Article.ID=5180&Category.ID=849>

10. VEDLEGG

1. Fotoliste
2. Koordinatliste
3. Dateringsprøve

VEDLEGG 1

Nr	Kva	Retning	Dato
18	Planområdet	NA	25.okt
19	" - "	A	25.okt
20	" - "	V	25.okt
21	" - "	SV	25.okt
22	PS1	N	25.okt
23	PS1	N	25.okt
37	PS2	N	26.okt
38	PS2 topp	N	26.okt
39	PS2 botn	N	26.okt
40	Hus som skal rivast - 8/366	A	27.okt
41	PS4	N	27.okt
42	PS4	N	27.okt
46	PS3	N	27.okt
47	PS3	N	27.okt
48	Profil i sjakt 1	N	27.okt
49	Profil i sjakt 1	S	27.okt
50	Profil i sjakt 1 (lenger mot aust)	S	27.okt
52	Sjakt 1	V	27.okt
53	Sjakt 1	A	27.okt
54	Hus som skal rivast - 8/366	V	27.okt
55	Hus som skal rivast - 8/366	NV	27.okt
56	Hus som skal rivast - 8/366	A	27.okt
57	Hus som skal rivast - 8/366	A	27.okt
58	Hus som skal rivast - 8/366	NV	27.okt
59	Hus som skal rivast - 8/366	NV	27.okt
60	Hus som skal rivast - 8/366	NV	27.okt

VEDLEGG 2

00 -09_Pi Sammenheng FF MMMMMMM

05 jr-sj1-04	6916158.599	337160.520	9.559	0.021
05 jr-sj1-03	6916160.972	337162.819	10.281	0.021
05 jr-sj1-06	6916166.688	337152.581	10.321	0.027
05 jr-sj1-05	6916173.730	337138.830	11.133	0.032
05 jr-sj1-07	6916180.509	337128.494	11.600	0.035
05 jr-sj1-02	6916184.607	337123.883	11.879	0.041
05 jr-sj1-01	6916182.192	337121.774	11.464	0.041
05 jr-sj1-09	6916170.336	337139.630	10.390	0.038
05 jr-sj2-04	6916163.653	337121.547	8.165	0.053
05 jr-sj2-03	6916166.216	337122.337	8.669	0.034
05 jr-sj2-02	6916168.779	337114.908	8.494	0.036
05 jr-sj2-01	6916166.073	337114.012	8.054	0.041
05 jr-ps-05	6916163.331	337137.959	8.936	0.041
05 jr-ps-03	6916164.851	337149.848	9.865	0.038
05 jr-ps-02	6916169.197	337137.223	10.190	0.036
05 jr-ps-01	6916175.431	337125.980	10.746	0.033

CALIBRATION OF RADIOCARBON AGE TO CALENDAR YEARS

(Variables: C13/C12=-27.3:lab. mult=1)

Laboratory number: Beta-315063

Conventional radiocarbon age: 2230±30 BP


**2 Sigma calibrated result: Cal BC 390 to 200 (Cal BP 2340 to 2150)
(95% probability)**

Intercept data

Intercepts of radiocarbon age
with calibration curve:

Cal BC 360 (Cal BP 2310) and
Cal BC 280 (Cal BP 2230) and
Cal BC 260 (Cal BP 2210) and
Cal BC 240 (Cal BP 2190) and
Cal BC 240 (Cal BP 2180)

1 Sigma calibrated results: Cal BC 380 to 350 (Cal BP 2330 to 2300) and
(68% probability) Cal BC 300 to 220 (Cal BP 2250 to 2180) and
Cal BC 220 to 210 (Cal BP 2170 to 2160)



References:

Database used

INTCAL09

References to INTCAL09 database

Heaton, et al., 2009, *Radiocarbon* 51(4):1151-1164, Reimer, et al., 2009, *Radiocarbon* 51(4):1111-1150, Stuiver, et al., 1993, *Radiocarbon* 35(1):137-189, Oeschger, et al., 1975, *Tellus* 27:168-192

Mathematics used for calibration scenario

A Simplified Approach to Calibrating C14 Dates

Talma, A. S., Vogel, J. C., 1993, *Radiocarbon* 35(2):317-322

Beta Analytic Radiocarbon Dating Laboratory

4985 S.W. 74th Court, Miami, Florida 33155 • Tel: (305)667-5167 • Fax: (305)663-0964 • E-Mail: beta@radiocarbon.com